

innhold

- 4 femtusen gjess
- 6 retrievernytt i usa
- 7 minneord
- 10 tollerlagkamp 2007
- 14 testing av valpekull
- 16 hvor ble høsten av?
- 20 sideblikk
- 22 labrador i fokus
- 24 curly i fokus
- 25 chesapeake i fokus
- 26 nytt fra avd. vest-finnmark
- 27 nytt fra avd. vestfold
- 28 nytt fra avd. gjøvik/lillehammer
- 30 trøndelag våren 2008
- 31 årets dual purpose flat og golden
- 32 zarek og wilja 10 år senere
- 33 nye champions
- 38 retrievermesterskapet
- 40 retrievercupen

leder



Melding frå ein firbeint ven

Hei! Eg heiter Happy. 2 år i januar. Happy Retriever, for å vere meir presis. Stort sett er eg happy. Retriever er eg heile tida.

Men no kjem det på nytt! Nett når snoen har lagt seg byrjar familien der eg har matskåla mi å te seg rart. Det er i slike stundar eg undrar om dei hugsar at eg er ein Retriever.

Tidleg på sommaren var det noko liknande. Då kom dei dragande med solbriller og solhatt og halstørkle - og planta heile stasen i hovudet mitt. Ein sak var den forbanna stråhatten – den passa slett ikkje og deisa i golvet så snart eg slikt meg om nasen. Verre var det med solbrillene. Dei var for små, dei klemde om naserota og stakk i øyrane. Eg er ikkje skapt til slikt. Eg ville ut å springe. Bere på ting. Leike på Retrievers vis. Og så vart eg tørst, men fekk eg vatten mens det sto på? Nei da. Eg skulle sitte heilt stille, mens veslejenta satt attmed hovudet mitt og reiv i sine eigne solbriller. For bilete – det skulle dei ha! Til Retrieverbladet og familiealbumet og oppdrettaren min og visstnok ein bøling vener.

Så dreiv dei på da, passe stressa når hatten deisa nett når dei skulle knipsa. Gong på gong. Eg sveitta jo, for pokker. Eg måtte berre ut med tunga. Dessutan dunka jentungen borti nasen min heile tida.

Nå er vi i gang igjen. Her om dagen kom dei farande med ei raud lue og nokre glitrande strengar og ein strisekk som det stakk glorete papir ut av. Nett som då eg var om lag eit år. Og på armen bar matmor den guttehalpen dei hadde handla på seinsommaren hos ein oppdrettar og ikkje kjenner. Eg kjenner ikkje tobeinte oppdrettarar.

Så hang dei glitrestrengane rundt halsen min - og dei klødde! Så sette dei strisekken med glorepapir framfor nasen min, men fekk eg leike med papiret, trur du! Og så tredde dei den raude, tjukke lua ned over skallen min og øyra mine og let den lange dusken henge framfor det eine auget. Så skulle eg sitte stille framfor peisen – som brann – og fy fasan som det vart varmt med tjukk lue og ikkje noko vatten, og som det klødde alle plasser, mens småjenta hylte og kalla meg rar og matmor ropte at eg var søt og "hei Happy!" og guttehalpen krabba på ryggen min og stakk meg med dei spisse neglene sine og husfar ropte "sitt" og skulle fotografere.

Ingen solbriller denne gongen. Det skulle eg hatt. For no var det blitz. Veit du korleis det er å få ein blitz i auga på ein meters hald 15-20 gonger på rad? Mens du klør over alt og er meir tørst enn under ei sommarprøve i 32 varmegrader ved Kristiansand! Ikkje?

No er det berre å vente på jula. Det blir ei stille tid. Ikkje mykje mas med lange turar og apportering og leik og slikt. For no skal familien ete mykje og drikke ein heil del, og da vert dei så slitne og trøytte at dei orkar mest ingen ting før det vert mørkt igjen. Eg vonar dei har glede av det.

Eg er ein Retriever. Happy, stort sett, og tross alt veldig glad i familien der eg har matskåla mi. Heilt ærleg, med svansen svingande: Eg ynskjer dei får det dei kallar ein God Jul!

Under sterkt påtrykk fra en aksjon igangsatt av en rekke firbente venner og kjente, måtte jeg forplikte meg til å formidle denne beretningen fra Happy Retriever. Ingen kommentarer.

Men jeg slutter meg til Happys gode ønsker om en **GLAD JUL** til alle retrieverfamilier! Og dessuten håpet om et **Godt Retrieverår 2008!**

Torstein